



HUSTADVIKA KOMMUNE  
Tingplassen 1  
6440 ELNESVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Thomas Aurdal, 71 25 84 67

## Hustadvika kommune - Vedtak om løyve til utfylling i Vestadvika

---

**Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Hustadvika kommune løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Vestadvika. Løyve med vilkår følgjer vedlagt.**

**Vi vedtek eit gebyr på kr 33 800 for sakshandsaminga.**

---

Vi syner til søknad av 21.10.2021 om utfylling i sjø ved Vestadvika.

### Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med Hustadvika kommune løyve til utfylling i sjø ved Vestadvika i Hustadvika kommune. Løyvet er gjeve med heimel i *Lov av 13.03.1981 om vern mot forurensning og om avfall* (forureiningslova) § 11, jf. § 16. Statsforvaltaren har ved avgjerda og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempe ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper tiltaket eller vil medføre. Det er satt vilkår for løyvet. Løyve med vilkår følgjer vedlagt dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saken. Ein eventuell søknad om endring må difor føreliggje i god tid før endringa ynskjust gjennomført.

At det er gjeve løyve frittek ikkje frå erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

### Bakgrunn for saka

Hustadvika kommune søkte 21.10.2021 om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø i Vestadvika (gnr./bnr. 3/10, 4/13, 4/23, 5/1, 5/2, 5/5 og 8/6). Utfyllinga omfattar 180 000 m<sup>3</sup> massar over eit areal på 54 200 m<sup>2</sup> i sjø. Hensikta med tiltaket er å bygge ut for industri og lager. Tiltaket er planlagt utført i perioden 2021-2024.



## Høring

Søknaden var på høring til 30. november 2021. Vi fekk inn dei følgjande kommentarane og innspela:

### Kystverket (03.11.2021)

Kystverket gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig etter hamne- og farvasslova. Tiltaket ligg i kommunen sitt sjøområde, utanfor hovud- og biled, og det er difor kommunen som skal handsame saka etter hamne- og farvasslova. Kystverket har elles ingen vesentlege merknadar.

### Elling Henøen (29.11.2021)

Henøen opplyser at det ligg ei vassleidning i utfyllingsområdet som forsyner husa på Indre Harøy. Denne skal vere tilknytt ein kommunal kum som ligg mellom Engelsetet og Indre Harøyvegen. Vassleidninga ligg på sjøbotnen fram til Indre Harøy.

### Kommunen sin kommentar til høyringsinnspel (01.12.2021)

Kommunen sin sakshandsamar opplyste i e-post av 01.12.2021 at vassleidninga nemnd av Henøen er kommunal, og at dei har kontroll på denne.

## Statsforvaltarens vurderingar

Det aktuelle tiltaket har eit veldig stort omfang, og vi finn at det medfører risiko for vesentleg spreiring av partiklar og anna miljøulempe. Vi vurderer difor at det er behov for eit løyve i medhald av forureiningslova § 11. Ved avgjerda har vi lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper tiltaket elles vil medføre, jf. forureiningslova § 11, femte ledd.

### Sedimentforureining og spreiring av partiklar

Asplan Viak har utført sedimentundersøkingar i tiltaksområdet (sjå deira rapport av 28.08.2021 med oppdragsnummer 629417-01). I eit større område i Harøysund, som mellom anna omfattar det aktuelle tiltaksområdet, er det totalt 26 stasjonar med sedimentprøvar. Konsulenten skildrar sedimentet i området som nokså homogent, i hovudsak beståande av sand med varierende innslag av skjelrestar. Sedimentprøvane vart analysert for ulike miljøgifter (tungmetall, PAH-forbindingar, tinnorganiske forbindingar og PCB), og resultatata indikerer at tiltaksområdet og områda ikring i liten eller ingen grad er påverka av forureining.

Tiltaket vil medføre låg risiko for spreiring av miljøgifter, men då tiltaket er stort i omfang og langvarig, vil det kunne verte ei vesentleg spreiring av partiklar i vassmassane. Sjå komande avsnitt for ei gjennomgang av sårbare naturverdiar og fiskeriinteresser i nærleiken til tiltaksområdet. Det er viktig at tiltaksarbeidet overvakast med fokus på partikkelspreiring, jf. vilkår 5.1 i løyvet. Det må òg sjåast til at ikkje store mengder finstoff fylgjer med utfyllingsmassane til vatnet, jf. vilkår 4.3. Dersom det syner seg at det vert vesentlege utfordringar med partikkelspreiring, må dei avbøtande tiltaka styrkast, arbeidet utførast meir skånsamt eller Statsforvaltaren kontaktast.

### Plast og anna avfall

Utfylling i sjø medfører ofte risiko for at restar av sprengtråd og anna avfall som følgjer med fyllmassane spreiest i miljøet. I søknaden er det opplyst at det skal nyttast reine massar av sprengt stein som har vore lagra på Indre Harøya og at det ikkje er fare for marin forsøpling som følgje av tiltaket.

Vilkår 4.5 i løyvet skal sikre god handsaming av plast og anna avfall under tiltaksarbeidet.



### Vurderingar etter naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter *Lov om naturens mangfold* (naturmangfaldlova) § 8-12. Vurderingane våre har teke utgangspunkt i informasjon frå databasen *Naturbasen*, *Lakseregisteret* og Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy. Vi finn at den føreliggande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova.

I *Naturbasen* er det registrert eit veldig stort område med naturtypen *større taeskokgførekomstar* (stortare), verdivurdert som «svært viktig», i nærleiken til tiltaksområdet. Avstanden er om lag 50 meter på det kortaste. Partikkelspreiinga under tiltaket må kontrollerast, slik at ikkje taeskokogen vert slamma ned.

Det er òg registrert *bløtbunnsområde i strandsona* i Harøysundet, men denne naturverdien ligg på nordsida av Jensholmen og Indre Harøyvegen, og ventast ikkje å verte påverka av tiltaket.

I kartverktøyet til Fiskeridirektoratet er det registrert eit gyteområde for torsk, hyse, sei, brosme og lange ved Stavika, om lag 750 meter sør for tiltaksområdet. Gytinga for dei ulike artane er oppgitt som følgjer i databasen: Februar-april for torsk, hyse og sei og juli-august for brosme og lange. I Stavika er det òg registrert eit mindre gyteområde for raudspette, som har gyting i perioden mars-juni. Eit mindre gyteområde for torsk, hyse, sei og raudspette er òg registrert på nordsida av Indre Harøya, men vil verte beskytta mot partikkelspreiing av øya. Avstanden til tiltaksområdet er vesentleg, men høge partikkelnivå i vatnet under gytinga vil vere uheldig. Det er difor spesielt viktig at det haldast kontroll på partikkelspreiinga i gyteperioden.

Fiskeplassar for aktive og passive reiskap er registrert sørvest for tiltaksområdet, med ein avstand på om lag 750 meter på det næraste. I det same området er det òg registrert rekefelt.

I *Lakseregisteret* er det registrert eit laks- og sjøauførande vassdrag, Stavikelva, med utløp i Stavika, om lag 2,3 kilometer sør for tiltaksområdet. Det er òg registrert eit sjøauførande vassdrag, Gulelva, med utløp i Gulvågen, om lag 2,5 kilometer nord for tiltaksområdet. I smoltutvandringsperioden frå slutten av april til starten av juli er det sannsynleg at laksesmolt frå fleire elver i Frænfjorden og Romsdalsfjorden vil passere gjennom Harøyfjorden. Laksen er i eit sårbart stadium i smoltfasen. Det er usikkert i kva grad smolt vil verte påverka av slampartiklar i fjordområdet, men ut ifrå føre-var-prinsippet bør tiltak som kan medføre vesentleg spreining av partiklar i fjordområdet reduserast i perioden frå slutten av april til starten av juli, jf. vilkår 4.6 i løyvet.

Ein akvakulturlokalitet er registrert på Indre Harøya. Denne tilhøyrar Salmon Evolution AS, og har ein avstand til området som skal fyllast ut på om lag 900 meter. Tiltakshavar bør varsle verksemda om utfyllingstiltaket.

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut ifrå den samla belastninga som økosystemet vert utsett for. Tiltaket som det søkast om er stort i omfang, men medfører liten risiko for spreining av miljøgifter. Med kontroll på partikkelspreiinga venter vi ikkje at tiltaket vil medføre eit uakseptabelt stort bidrag til den samla belastninga på økosystemet i området.

Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i tiltaksområdet dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i tiltaket sin karakter og den eventuelle skaden. I denne saken finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekke eventuelle kostnadar av avbøtande tiltak slik dei vert skildra i løyvet. Dei avbøtande tiltaka er òg i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast



krav til bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skadar på naturmangfaldet.

### Vassdirektivet

Tiltaket skal utførast i vassførekomsten Harøyfjorden, Buadjupet, Julsundet, som i databasen *Vannnett* har god økologisk og god kjemisk tilstand. Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifølgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta) ikkje utførast dersom det er risiko for at inngrepet vil medføre ein reduksjon av den økologiske statusen til førekomsten. Vi ventar ikkje at tiltaket vil medføre ein reduksjon av den økologiske statusen.

### Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tillèt utfylling i sjø etter fastsette vilkår. På bakgrunn av vilkåra vurderer vi at tiltaket ikkje vil medføre risiko for spreieing av forureining og partiklar eller anna miljøulempe som er uakseptabelt stor samanlikna med samfunnsnytta ved tiltaket.

### **Erstatningsansvar**

Løyvet frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

### **Vedtak om sakshandsamingsgebyr**

Tiltaket er plassert under gebyrsats 6, jf. *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) av 01.06.2004 kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova § 39-3 og 39-4. Dette inneber at tiltakshavar skal betale eit gebyr på kr 33 800 for sakshandsaminga. Faktura med innbetalingsblankett vert send ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Ressursbruk knytt til sakshandsaminga er lagt til grunn ved fastsettinga av gebyrsats. Til dette høyrer gjennomgang og høyring av søknaden, korrespondanse med søkjar og utarbeiding og ferdigstilling av løyvet. Innsats frå ulike fagpersonar hos Statsforvaltaren inngår òg.

Vedtaket om gebyrsats kan klagast på til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga vert ikkje gitt oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må difor betalast i samsvar med det som er nemnd over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klaga, vil det overskytande beløpet verte refundert. Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

### **Offentleggjing av løyvet**

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, informasjon om kor ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. Verksemda kan gjerne nytte sin e igen logo i kunngjeringa. Statsforvaltaren sin logo skal ikkje nyttast. Her følgjer vårt forslag til kunngjeringstekst:

*Hustadvika kommune får løyve etter forureiningslova til utfylling i Vestadvika. Det skal fyllast ut med om lag 180 000 m<sup>3</sup> massar over eit areal på 54 200 m<sup>2</sup> i sjø. Hensikta er å bygge ut for industri og lager. Tiltaket er planlagd utført i perioden 2021-2024.*



Vedtaket med løyve og informasjon om klagemoglegheiter kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, [www.statsforvalteren.no/Mr](http://www.statsforvalteren.no/Mr), under «Forureining og avfall» og «Kunngjeringar».

#### Datoar og fristar

- Vedtaket skal kunngjerast i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast oppstartsmelding til Statsforvaltaren når tiltaket settast i verk. Meldinga kan sendast til sakshandsamar på e-post ([thomas.aurdal@statsforvalteren.no](mailto:thomas.aurdal@statsforvalteren.no)).
- Løyvet er gyldig til **31.12.2024**
- Sluttrapport i tråd med vilkår 6.1 skal sendast til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at tiltaket er ferdig utført
- Analyseresultat frå sediment (sjå Asplan Viak sin rapport av 28.08.2020 med oppdragsnummer 629417-01) skal registrerast i databasen *Vannmiljø* innan **01.03.2022**.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Thomas Aurdal  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Løyve

Kopi til:

Elling Henøen Nedre Haukåsvegen 40 6440 ELNESVÅGEN

**Løyve for Hustadvika kommune til utfylling i sjø i Vestadvika**

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall § 11 jf. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det òg føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå **dags dato** og er gyldig fram til **31.12.2024**.

## Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Hustadvika kommune
Lokalisering/gateadresse	-
Postadresse	Tingplassen 1, 6440 ELNESVÅGEN
Org. nummer (bedrift)	921 133 642
Lokalitet for tiltaket	Vestadvika
Koordinatar for tiltaket (UTM 32)	X: 396616, Y: 6974130
Gards- og bruksnummer for tiltaket	3/10, 4/13, 4/23, 5/1, 5/2, 5/5 og 8/6
Kommune tiltaket utførast i	Hustadvika

## Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>	ePhorte
2021.0933.T	1579.0133.01	4	2021/5192
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:	
02.12.2021	-	-	

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Thomas Aurdal  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

## Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Kva endring som er gjort
	-		

<sup>1</sup> Miljømyndigheitene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



## 1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar utfylling med om lag 180 000 m<sup>3</sup> reine massar i eit område på om lag 54 200 m<sup>2</sup> forureina sjøbotn i Vestadvika i Hustadvika kommune. Løyvet gjeld berre massar som er eigna til formålet.

## 2. Generelle vilkår

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden datert 21.10.2021 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitenes vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne undervegs i arbeidet skal arbeidet stansast og NTNU vitenskapsmuseet kontaktast.

## 3. Internkontroll, beredskap og varsling

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.



- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.
- 3.6 Støy frå utfyllingsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i rettleiaren "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" (T-1442/2016).

#### 4. Utfylling i sjø

- 4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.
- 4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden.
- 4.3 Utfylling skal utførast skånsamt for å redusere uheldig spreining av partiklar. Ved behov skal det gjerast tiltak for å redusere mengda finstoff i utfyllingsmassane, slik at uheldig partikkelspreiing vert redusert.
- 4.4 Utfyllingsmassane skal ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarende tilstandsklasse II for sedimenter i samhøve med Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal samstundes ligge innanfor normverdiane fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Det er ikkje lov å nytte reaktive bergartar. Massane skal vere egna til føremålet. Det er ikkje lov å fylle ut med massar dersom hovudføremålet er å kvitte seg med massane.
- 4.5 Eventuell sprengtråd, skyteleiing og anna avfall i utfyllingsmassane skal fjernast før massane leggjast i fyllinga, eller ved behov også samlast opp frå vassflata og strender etter utfylling.
- 4.6 Av omsyn til laksen sin smoltutvandring, bør tiltaksarbeid som kan medføre vesentleg spreining av partiklar i vatnet dersom det er praktisk mogleg reduserast i perioden frå slutten av april til starten av juli.

#### 5. Kontroll og overvaking

- 5.1 Det skal gjennomførast visuell overvaking under tiltaksarbeidet med fokus på partikkelspreiing i vassmassane. Dersom det vert gjentakande eller vedvarande hendingar med uakseptabelt stor spreining, må dei avbøtande tiltaka styrkast eller Statsforvaltaren





kontaktast. Det bør òg syrgjast for at utfyllingsmassane ikkje har med seg mykje finstoff når dei dumpast i vatnet.

## **6. Rapportering**

6.1 Utførte målingar av kjemisk tilstand i sedimenta (sjå Asplan Viak sin rapport av 28.08.2020 med oppdragsnummer 629417-01) skal registrerast i databasen *Vannmiljø* **innan 01.03.2022**. På nettsida til databasen finnast rettleiing og ei oversikt over kva parameter som skal registrerast.

6.2 Det skal sendast ein sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid
- Ei skildring av kva tiltak som vart utført for å redusere belastninga på naturmiljøet under arbeidet
- Eventuelle avvik eller uheldige hendingar med påverknad på miljøet.